



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I  
HORDALAND  
Salhusvegen 201  
5107 SALHUS

Dato: 19.04.2016  
Vår ref.: 2015/2163-63  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Skjøtseltiltak Lyngheisenteret på Lygra - Lindås - Statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden Dykkar, dagsett 29.11.2015.

Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 13.04.2016, sak 54/16.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit tilskot på **kr 600.000,-** av midlar frå statsbudsjettet 2016, kap. 1429 post 71 - tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø.

### Grunngjeving

Tilskotet skal nyttast til skjøtselstiltak på Lyngheisenteret.

Vi gjer merksam på at De må ta kontakt med fylkeskonservatoren dersom det vert endringar i høve til metode.

Kontaktperson i HFK er Roald Landøy når det gjeld den faglege utføringa, og Stein Ottosen når det gjeld økonomi/utbetalingar.

### Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld for inneverande år og ut påfølgjande år.

### Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren, **før** arbeidet vert sett i gang.

*Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert. Hastar det med å koma i gang med arbeidet, kan De ringa oss v/ Erlend Hofstad 55 37 80 24), så skal me vera så raske og fleksible som mogleg for å få det formelle på plass.*

### **Arbeidsgjevaransvar**

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

### **Vilkår for utbetaling av tilskot**

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservatoren for utbetaling. Søklar må senda oss rekneskapsversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet, dokumentert med fotografi, både før og etter arbeidet.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

### **Retningslinene frå Riksantikvaren**

Vi legg ved retningslinene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Vedtaket kan påklagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen, Roald Landøy

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Akseptskjema som skal signerast og sendast i retur til Hordaland fylkeskommune
- 2 Retningsliner frå Riksantikvaren